

Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/4780-1

Bruk av fondsmidler til styrking av friluftslivstiltak.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å omdisponere kr. 301 000 som er avsett på bunde fond (konto 25199950) til prosjektering og arkitektkonkurranse i samband med prosjekt «Dagsturhytte med friluftslivsbibliotek».

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Coast Alive var eit EU-finansiert prosjekt som vart avslutta i 2013. Prosjektet hadde som mål å utvikle strategiar for å få fleire til å bruke lokale stiar og utandørsfasilitetar til rekreasjon og trening. På same tid var det eit viktig mål i prosjektet å ta vare på kultur- og naturarven. Prosjektet bygde på Nave Nortrail (Nordsjøløypa) og North Sea Cycle Route (Nordsjøsykkelruta), to tidlegare EU-finansierte prosjekt som utvikla 12000 km med stiar i områda rundt Nordsjøen. Sogn og Fjordane fylkeskommune var aktiv deltakar i prosjekta.

Endeleg rekneskap for Coast Alive vart gjort opp i fjor, og fylkeskommunen fekk då etterbetalt kr. 301 000 som er avsett på bunde fond (vår del av EU-finansieringa). Denne saka handlar om korleis desse midlane kan nyttast i tråd med intensjonane i Coast Alive-prosjektet for å styrke arbeidet med friluftsliv i fylket.

2. Vurdering og konsekvensar

Fylkesdirektøren ønskjer, i samarbeid med fleire instansar, å setje i verk tiltak med mål om å styrke rammevilkåra og tilgjenge for friluftsliv i fylket. Målet er å etablere ei dagsturhytte i kvar kommune. Hytta skal vere eit enkelt opphaldsrom som ly for ver og vind, og også vere ein attraksjon i seg sjølv som turmål. Hytta kan plasserast på ein fjelltopp, midtvegs til ein fjelltopp eller langs eit vatn, gjerne i eit område med kulturminne.

Hytta skal ha lik utforming med arkitektoniske kvalitetar etter ein utlyst arkitektkonkurranse, og innehalde eit friluftslivsbibliotek med bøker om friluftsliv, botanikk, barnebøker, m.m.

Tiltaket har som målsetjing å få fleire enn i dag til å gjere seg nytte av naturen som rekreasjonsstad, vere lenger i naturen og kjenne gleda av å vere ute i friluft.

Hytta skal finansierast av spelemidler, støtte frå Sparebankstiftinga og kommunane. Den skal vere eigd og drifta av kommunane. Utveljing av stad for etablering, vert valt av kommunane sjølve etter lokale prosessar der interesserte kan bidra med forslag til plassering.

Det er planlagt 26 hytter etablert innan 1.august 2019. Vi ser føre oss at tiltaket kan styrke friluftslivssatsinga i fylket, vere med på å styrke identiteten vår. Hytta kan også vere eit bidrag til å styrke reiselivsnæringa lokalt i fylket.

Fylkesdirektøren meiner at dei avsette midlane (saman med arbeidsinnsats) kan vere fylkeskommunen sitt bidrag i prosjektet, og gå inn og dekkje grunnlagskostnader i dagsturhytte-prosjektet, slik som prosjektering, arkitektkonkurranse, m.m. Fylkesdirektøren meiner det vil vere i tråd med måla i Coast Alive-prosjektet å nytte midlane på denne måten.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til vurderingane og rår til at fondsmidlar (konto 25199950) vert nytta i samsvar med framlegg til vedtak.